Sluttrapport – Matre vassverk

BAKGRUNN INVESTERINGSPROSJEKTET

Arbeidet med nye Matre vassverk tok til i mai 2009 med at konsulentfirmaet Asplan Viak vart engasjert til å gjennomføre geofysiske og hydrogeologiske undersøkingar på tre aktuelle stader i Matre. Resultatet av desse undersøkingane var at grusøya i Matreselva kunne vere eitt godt alternativ til ny vasskjelde.

I november 2009 vart arbeidet med boring av prøvepumpingsbrønn som seinare kunne nyttast til produksjonsbrønn utført. Samtidig vart det og bora peilebrønnar for vasstands-måling i området. I tida frå 26.11.2009 og fram til 11.08.2010 vart det iht krav i drikkevass-forskrifta utført prøvepumping med analyser av kjemisk/fysisk og bakteriologiske para-metrar. I tillegg vart det målt kapasitet både i tørre og nedbørsrike periodar. Konklusjonen etter prøvepumpingsperioden var at vatnet i brønnen hadde god vasskvalitet og at brønnen hadde stor kapasitet.

Arbeidet fram til prøvepumpingsperioden vart avslutta, er ikkje ein del av dette prosjektet. Investeringsprosjekt ny vasskjelde – Matre vassverk startar med at det vart utarbeidd ein rapport etter prøvepumpingsperioden som gjorde greie for 2 alternative utbyggings-modellar.

Masfjorden kommunestyre gjorde den 24.03.2011 som sak 017/11 slikt vedtak:

> *Masfjorden kommune etablerer ny drikkevasskjelde for Matre vassverk basert på grunnvassforsyning. Grunnvassbrønnane vert på holmen i Matreselva.*
>
> *Masfjorden kommune etablerer nytt høgdebasseng på Stien i kort avstand frå eksisterande hus for desinfeksjon.*
>
> *Arbeidet med etablering av ny drikkevasskjelde for Matre vassverk får ei kostnadsramme på 6,5 mill, jf investeringsbudsjettet*
>
> *Rådmannen vert beden om å starte arbeidet med eit anbodgrunnlag for arbeidet og å innhente tilbod.*
>
> *Rådmannen vert beden om å starte arbeidet med avtale om grunn både for grunnvass-brønnane, leidningstraseen og høgdebassenget.*

I mai 2011 vart det kalla inn til informasjonsmøte med berørte grunneigarar i Matre. Tema for møte var presentasjon av forslag til klausuleringssoner og vedtekter i samband med det nye vassverket. Grunneigarar som møtte var positive og hadde ingen merknader til tilltaket. Klausuleringssonene vart og innarbeidd i områdeplanen for Matre.

Det vart søkt om konsesjon for uttak av grunnvatn og i brev frå NVE dagsett 19.08 2011 vart slik konsesjon gjeve.

Investeringsprosjektet vart lyst ut på Doffin 26.08.2011 (sjå vedlegg) med frist for å be om konkurransegrunnlag innan 13.09.2011. Frist for mottak av tilbod 20.09.2011. Det kom inn 3

anbod som vart godkjent og det vart sendt ut tilbakemelding på anbod 01.11.2011 (sjå vedlegg) som må sjåast på som anbodsprotokoll.

Det vart skrive kontrakt med Nortrans 07.05.2012 etter fleire avklarande møter.

Det vart skrive avtale om plassering av høgdebasseng med BKK 15.08.2012

Forslag om avtale for leige av grunn for grunnvassuttaket og løyve til legging av vassleidning i grøft vart utarbeidd av Masfjorden kommune for to grunneigedomar på Matre. Sjølv om avtalane ikkje vart underteikna, vart det munnleg gjeve løyve til arbeidet med Matre vassverk frå begge grunneigarane. Arbeidet med skriftlege, underteikna avtalar står att å fullføre frå kommunen si side.

FINANSIERING

		Budsjett	*Budsj. 13*	*Budsj. 12*	*Budsj. 11*
02309	Nybygg	6 500 000			*6 500 000*
02490	Mva. komp	0			
	SUM utgifter	**6 500 000**			***6 500 000***
08900	Overføring frå andre	-2 000 000			*-2 000 000*
09101	Bruk av lån	-4 000 000			*-4 000 000*
09400	Bruk av kapitalfondet	-500 000			*-500 000*
09700	Overføring frå drift	0			
	SUM inntekter	**-6 500 000**	***0***		***6 500 000***

Overføring frå andre er anleggsbidrag frå BKK, jf avtale ved overtaking av vassverket frå 2006 samt underteikna forliksavtale om medfinansiering dagsett 30.03.2012.

ADMINISTRASJON (jf 18.8 i økonomireglementet)

Det vart i samband med initiativ og forprosjektfasen sett ned eiga styringsgruppe. Sidan totalprosjektet har gått over lang tid, har medlemmene i gruppa variert. Faste medlemmer har heile tida vore ass.rådmann / rådmann Svein Helge Hofslundsengen, rådgjevar Anne Kristin Rafoss og fagarbeidar Gunnar Molland. Molland har vore prosjektleiar og hatt ansvaret for framdrift og rapportering. Det er henta inn fagleg bistand frå Asplan Viak sitt Trondheimskontor.

BYGGEPERIODE

Entreprenøren starta opp arbeidet med Matre vassverk i juni 2012. Etter ein god start gjekk framdrifta svært tregt ut over hausten tross gjentekne purringar på entreprenøren. Arbeidet stoppa heilt opp i ein periode då entreprenøren ikkje hadde meldt inn straumbehovet til kraftselskapet. Arbeidet kom i gang att og kunne fortsette etter at ei løysing for straum-behovet var settla.

Boring av produksjonsbrønn nr 2 vart utført hausten 2012 og montering av brønnpumper vart gjort i byrjinga av 2013. Dette arbeidet organiserte Masfjorden kommune sjølv då det ikkje var ein del av anbodet. Vassverket vart sett i drift i mars 2013, men noko restarbeid og finpuss sto att. Dette vart sluttført i løpet av sommaren og hausten 2013.

Byggetida iht kontrakt ca 70 dagar. Reell byggetid vart ca 210 dagar.

Det vart søkt om ferdigattest 12.11.2013 frå Asplan Viak som ansvarleg søkar for prosjektet og ferdigattest vart gjeve 21.11.13 frå Masfjorden kommune / teknisk etat.

- ENDRINGAR
    - Etter ynskje frå BKK og entreprenør er det gjort endringar på vassleidningstraseen frå profil 75 til profil 300. Dette grunna svært mykje kablar i bakken av ulik art langs vassleidningsgrøfta.
    - Etter ynskje frå entreprenøren er det frå profil 265 til profil 295 utført styrt boring under kommunevegen.
    - Frå kum 5 til nytt ventilkammer v/høgdebasseng er berre ca 25m av totalt 50 m planlagt styrt boring utført. I følgje grunnborar er kombinasjon lausmasse og fjell svært vanskelig å bora horisontalt i. Dette resulterte i at det måtte gravast ordinær grøft på resterande lengde på 25 meter.

- MENDGEJUSTERINGAR
    - Sprenging byggegrop for høgdebasseng og ventilhus.
    - Justering av brønntoppar.
    - Kabelgrøft for straumtilførsel grunnvasspumper.

SLUTTREKNESKAP

		2011	2012	2013	Totalsum
02700	Prosjektering	426 421,60	12 927,20	1 437,20	440 786,00
02309	Nybygg		4 439 456,00	257 242,60	4 696 698,60
	Utgifter	**426 421,60**	**4 452 383,20**	**258 679,80**	**5 137 484,60**
08900	Overføring frå andre		-2 500 000,00		-2 500 000,00
09101	Bruk av lån	-426 421,60	-1 452 383,20	-258 679,80	-2 137 484,60
09400	Bruk av disp fond		-500 000,00		-500 000,00
	Inntekter	**-426 421,60**	**-4 452 383,20**	**-258 679,80**	**-5 137 484,60**

<u>Prosjektering</u>

Kostnader i samband med konsulenttenester når det gjeld rapport etter prøveboring, anbodsgrunnlag, utarbeiding av klausuleringssoner og byggjeteikningar er kr 440 786,-. .

Nybygg - anbod

Anbodsum iht kontrakt frå Nortrans var på kr 4 391 344 ,- mens sluttutbetalinga vart på 4 501 395,-. Avvik mellom anbodssummar og reelle kostnader er kr 110 051,- og skuldast dei endringane og mengdejusteringane som nemnt over.

Nybygg -kostnader som ikkje var med i anbodet:

Boring av lausmassebrønnar med filter og grunnvasspumper ferdigstilt med brønntoppar og økt dimensjon på elektriske installasjonar, straumkabel frå straumskap til pumpehus inkludert trekking, ekstra koplingsskap i pumpehus utgjer ein kostnad på kr 195 313,-

Totalkostnad for investeringsprosjekt ny vasskjelde - Matre vassverk vert då summert opp til kr 5 137 484,- Masfjorden kommune sine kostnader i samband med byggeleiing kjem i tillegg til totalkostnad som er sett opp over. Det same gjeld kostnader i samband med deltaking i forprosjektet frå 2009 og fram til byggjestart 2012.

OPPSUMMERT

Investeringsprosjektet ny vasskjelde - Matre vassverk kjem ut godt under ramma på 6,5 mill men tar ein med prøveboringsperioden inkludert alt arbeide utført med eigne ressursar, kjem ein ut omtrent på ramma.

Under tenesta vassverk i rekneskapen vert alle kostnadane for alle vassverka i kommunen ført samla. Desse kostnadane vert ikkje fordelt pr vassverk fordi me ikkje har differensiert gebyr. Kommunen har innført prosjektnummer for investeringsprosjekt (jf 18.6 i økonomi-reglementet), men dette er ikkje godt innarbeidd i organisasjonen og ikkje gjennomført for dette investeringsprosjektet (jf vedlegg 3, sluttrekneskapen). Rådmannen har bestemt at ein frå og med 2015 skal budsjettere med prosjektnummer for alle investeringsprosjekt.

Økonomireglementet pkt 18.13 står det blant anna:

> *Prosjektleiar skal kontrollera at byggjearbeida vert utført innafor løyvingsramma, samt at byggjerekneskapen til ei kvar tid gjev full oversikt. […]*

Kommunen har innført elektronisk fakturahandsaming sidan økonomireglementet vart vedteke. Det er difor lettare no å sende faktura frå person til person innafor betalingsfristen. Kommunen har erfart at når kontering og attestering skjer av prosjektleiar så har ein kontroll på om byggjearbeida vert utført innafor eller utafor løyvingsramma men ein har ikkje ein byggjerekneskap som gjev full oversikt sidan stort sett alle kostnadar vert ført på arten nybygg. Rådmannen foreslår difor at ein endrar rutinane rundt kontering av faktura for investeringsprosjekt slik at desse vert kontert av fagperson på rekneskap før dei vert sendt til prosjektleiar for attestering.

Gjennomføring av prosjektnummer frå budsjettering til rekneskap via fakturahandsaming for alle investeringsprosjekt samt at alle faktura for desse prosjekta vert kontert av fagperson, vil sikre god økonomiske kontroll gjennom heile prosessen.